

NYNORSK

Forslag til retningslinjer for bruk av politiattest (barneomsorgsattest) - må vedtakast lokalt.

Lovbestemte kyrkjelege organ i Den norske kyrkje blir tilrådd å fastsetje følgjande lokale reglar/retningslinjer for bruk av politiattest (barneomsorgsattest) i eiga verksemd:

1. Alle som skal tilsetjast i stilling som inneber omsorg for eller oppgåver knytte til mindreårige (under 18 år), skal leggje fram tilfredsstillande politiattest i medhald av kyrkelova § 29. Kravet gjeld uavhengig av stillingsstorleik.

2. Kravet blir gjort kjent i utlysingstekst. Det skal ikkje inngåast arbeidsavtale før tilfredsstillande attest er presentert.

3. Følgjande stillingskategoriar blir omfatta av kravet:

- prester og prostar
- kateketar, kyrkjelydspedagogar og andre tilsette i trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid, for eksempel prosjektleiarar, trusopplæringsmedarbeidarar/-leiarar, kyrkjelydsarbeidarar, ungdomsarbeidarar, dirigentar, klubbleiarar mv.
- diakonar/diakoniarbeidarar
- kyrkjemusikarar
- kyrkjetenarar
- daglege leiarar og anna administrativt personale i kyrkjelyden

Dersom andre stillingskategoriar skal ha arbeidsoppgåver (forkynning, opplæring, diakoni, praktiske og administrative oppgåver m.v.) knytt til arbeidet i kyrkjelyden blant barn og unge, krev ein politiattest også for desse. Spørsmålet blir avklart før utlysing.

Ordninga gjeld ved utviding av stilling der den nye delen av stillinga har eit anna innhald enn stillinga har hatt før (kombinasjonsstilling), slik at den nye delen av stillinga blir å forstå som ei nyttilsetjing.

Kravet gjeld også ved frivillig skifte av stilling innan same verksemd.

4. Mellombels tilsette skal levere politiattest med mindre det er snakk om enkeltstående oppdrag.

5. Studentar som i kyrkjelydspraksis skal utføre oppgåver knytte til mindreårige, som del av den kyrkjelege utdanninga si, skal presentere tilfredsstillande politiattest.

6. Personar over 15 år som skal utføre ulønna arbeid for eit kyrkjeleg organ (frivillige) innanfor trusopplæring eller anna barne- og ungdomsarbeid, skal også fremje politiattest dersom dei utfører slikt arbeid:

- regelmessig (3 gonger per semester eller meir)
- i samband med tiltak som strekkjer seg over meir enn 3 samanhengande dagar/døgn

7. Attest frå EØS-land blir vurdert som tilsvarande norsk barneomsorgsattest.

For personar busette utanfor EØS-området, samt personar i EØS-land som av ulike grunnar ikkje kan fremje attest, men som elles synest vere kvalifisert for den aktuelle stillinga, bør ein sjå på alternativ til å vurdere dugleik, på andre kontrollarberre måtar.

8. Frivillige organisasjonar som varetek oppgåver på vegner av verksemda/rådet, skal ha etablert forsvarleg ordning for innhenting av politiattest i regi av organisasjonen.

Forslaget er ei tilråding hausten 2011

frå ei arbeidsgruppe samansett av representantar frå KA, Kyrkjerådet og bispedømmeråda.

Må vedtakast lokalt!